

Advokat MNA
Helene Grov

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/494 - 23/1143

Sakshandsamar:
Sveinung Toft
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Dato:
31.01.2023

Tilbakemelding på brev knytt til uteområdet ved Sandnes skule

Det vert vist til dykkar brev dagsett 9. januar 2023 knytt til klage på støy med meir frå uteområdet ved Sandnes skule i Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune noterer seg at Haukeland er fornøgd med formannskapet sitt vedtak knytt til etablering av meir støydempende basketballstativ, og at leikehyttene skal flyttast vekk frå grøntområdet og inn på skuleområdet. I dykkar brev kjem det fram at Haukeland og ønskjer at eit gjerde vert reetablert mellom grøntområdet og skulegarden. Vidare skriv de at det er ønskjeleg med tilbakemelding kor tid tiltaka knytt til leikehyttene og støydempende stativ skal skje.

De vert med dette informert at Masfjorden kommune den 12.01.2023 tinga to nye basketballstativ med stolpepolstring, og at utstyret venteleg vil bli levert rundt den 17.03.23. Kommunen ser for seg at dette difor skal vere på plass og montert i løpet av mars månad.

Vidare planlegg kommunen no flyttinga av leikehyttene, og venteleg vil denne flyttinga skje i løpet av februar månad. De vil få melding om det skjer vesentlege endringar i denne planen.

Masfjorden kommune har ikkje noko intensjon om å reetablere det gamle nettinggjerdet mellom det regulerte grøntområdet og skulegarden på noverande tidspunkt. Når leikehyttene vert flytta er det pårekeleg at bruken av dette området vert redusert.

Med helsing

Sveinung Toft
assisterande rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Kommuneoverlege Rolf Martin

Tande

Roald Kvingedal

5981

MASFJORDNES

Teknisk-hygienisk ingeniør –

Miljøretta helsevern v/ Grethe Elin

Mjelde

Mottakrar:
Advokat MNA